



Stiftelsen D/S Stord I

Org. nr. 889 955 732

Kultur om bord i Dampen – pilotprosjekt

Bakgrunn:

Stiftelsen D/S Stord I har sett i stand D/S Stord I av 1913 og driftar no skipet som veteranskip. D/S Stord I, som opphaveleg var kombinert passasjer- og lasterutebåt i Hardanger Sunnhordlandske – HSD, sine ruter mellom Bergen – Sunnhordland og Bergen – Hardanger, seglar no i same området, men berre med passasjerar.

Drifta av «Stord I» må vera berekraftig. Det tyder at kvar tur og kvart oppdrag må gi dekningsbidrag til faste og variable driftsuavhengige utgifter. Dei lange rutene mot Sunnhordland og Hardanger har høge variable driftskostnader og gjev ikkje nok dekningsbidrag.

Stiftelsen er oppteken av at «Stord I» skal segla i heile Hordaland fylke og vera eit opplevingsskip for både bymann og bonde i heile regionen. Stiftelsen er interessert i å samarbeida med andre om aktivitetar/tiltak som kan gi synergieffekt.

D/S "STORD I" mai 2017

D/S Stord I er eit «museumsskip» - eit maritimt kulturminne. Å vera om bord eller reisa med «Stord I» er i seg sjølv ei spesiell kulturoppleveling. Difor er det ønskjeleg å søkja etter samarbeidspartnarar innan kulturfeltet. «Stord I» kan vera scene eller arena, gjerne ute på fjorden, for kulturelle framføringer. Konseptet kan minna om bokbåtkonseptet, men mange ulike kunstnarlege sjangrar kan opptre om bord. Samarbeidspartnarar kan vera lokalisert ulike stader i regionen. D/S Stord I seglar til der det er aktuelle aktørar. Døme på slikt samarbeid er førespurnaden frå Ulvik poesifestival om å leiga «Stord I» ei kveldsstund under festivalen til hausten.

Konseptet har vore nemnt for prosjektmedarbeidarar knytt til Hardingfela.no og Folkedans i Hordaland. Tilbakemeldingane er å forstå slik at dei synest at dette er spennande idear og at det er interesse for vidare drøfting om samarbeid.

Pilotprosjekt.

Stiftelsen D/S Stord I sine planar går ut på å ha seglingane i sesongen delt mellom charterutar (private/firmaturar) og opplevingsturar. Stiftelsen vil gjerne tilpassa opplevingsturane til Hordaland fylkeskommune sine satsingar i Regional kulturplan. På det grunnlaget vil Stiftelsen søkja om økonomiske midlar og fagleg medverknad til eit pilotprosjekt: **Kultur om bord i Dampen!**

Stiftelsen stiller D/S Stord I til rådvelde for samarbeidsprosjekt der måler er å få til opplevingsturar/reiser i regionen med innhald som byggjer opp under Regional kulturplan.

Økonomisk grunnlag er billettbetaling frå reisande/deltakarar på kulturelle aktivitetar og tilskot frå tilskotsordninga til større kulturprosjekt.

Det vert utpeika ein prosjektorganisasjon, samansett av representantar frå Hordaland fylkeskommune, Stiftelsen D/S Stord I og aktuell samarbeidspartner frå kulturfeltet, til å planleggja og gjennomføra eit pilotprosjekt.

Med venleg helsing

Harald Kvinge
Styreleiar/dagleg leiar